

# NYNORSK

NY NORSK er ein kampanje for at fleire kommunar skal gje vaksne innvandrarak nynorskopplæring.

## Kampanjehefte

Me har sett oss eit mål: å få flest mogleg kommunar til å tilby opplæring på nynorsk for vaksne innvandrarak.

Kva språk dei vaksne innvandrarak skal læra, blir vedteke lokalt, ofte av lærestadane sjølve. Difor må lokale mållag arbeida for nynorsk vaksenopplæring i eigen kommune. I dette heftet finn de bakgrunnskunnskap, fakta om opplæringa og framlegg til korleis ein kan arbeida med denne saka.

Dette er eit viktig og kjekt arbeid, og me vonar at så mange som råd vil ta i eit tak.

Lukke til!

### Innhald

- Bakgrunn
- Motførestillingar som de kan møta på
- Kampanje i kommunar *med* nynorskopplæring
- Kampanje i kommunar *utan* nynorskopplæring
- Ressursar og informasjon på ulike nettsider
- Fagfolk de kan ta kontakt med
- Døme på brev til kommunen

---

### BAKGRUNN

Flyktningar og innvandrarak utgjer ein stor del av folketalsveksten i Noreg. Ved å gje opplæring på bokmål i nynorskkommunar undergrev kommunane sine eigne språkvedtak. Dei produserer bokmålsbrukarak inn i lokalsamfunn der kommunen ynskjer at språket skal vere nynorsk.

Om lag 43.000 vaksne innvandrarak får i dag norskopplæring i Noreg. Noregs Mållag gjorde ei gransking våren 2015 som synte at berre 39 av 113 nynorskkommunar gjev innvandrarak slik opplæring på og i nynorsk. I juni 2016 er 43 kommunar som gjev slik opplæring eller har gjort vedtak om det. Det nyttar å stå på.

Dei som har rett på gratis opplæring i norsk og samfunnsfag er asylsøklarane som ventar på vedtak eller familiemedlemmer til innvandrarak som har fått opphald i Noreg. Slike introduksjonsprogram vert gjennomførte av ulike typar opplæringssenter. Arbeidsinnvandrarak frå land utanfor EØS og familiane deira må sjølve betale for undervisninga. Arbeidsinnvandrarak frå EØS-landa har korkje rett eller plikt til norskundervisning, men kommunen kan setje i

gang norskkurs for desse mot betaling. Kursa kan også vera gratis om kommunen ynskjer det. Opplæringsspråket er i dag ikkje regulert i noko lovverk. Difor er det opp til kvar einskild opplæringsinstitusjon eller kommune å avgjera kva språkopplæring dei vil tilby dei vaksne innvandrarak. Praksisen er ulik frå kommune til kommune: I mange kommunar har ikkje spørsmålet om språkopplæringa vore til politisk handsaming.

Born som kjem til ein nynorsk skulekrins får stort sett automatisk nynorskopplæring gjennom innføringsklasser eller når dei byrjar rett i si eiga klasse.

### KVIFOR BØR NYE I NOREG LÆRE NYNORSK?

- *Nynorsk i nynorsk område*

Folkeveksten i landet vårt kjem i dag av utanlandsk innvandring. Innvandrarak er viktige tilflyttarak for heile Distrikts-Noreg. Det er difor viktig at dei som buset seg i nynorsk område, lærer det lokale språket.

#### • *Samspel mellom barneskule og vaksenopplæring*

Mange av dei nye innbyggjarane kjem med familie og ungar. Lærer foreldra det same språket som borna på skulen, vert det lettare å hjelpe dei med leksene og å forstå skriv og meldingar frå skulen.

#### • *Lettar integreringa*

Nynorskopplæring i vaksenopplæringa kan vere med å gjere det lettare å kome inn i det norske samfunnet fordi ein forstår lettare det munnlege talemålet. Då vert det også lettare å forstå dialektar frå alle delar av landet.

#### • *Styrke å kunne nynorsk*

Dersom nokre av dei som har lært nynorsk flyttar vidare til bokmålsområde, er det ikkje noko ulempe å kunne nynorsk. Tvert om er det ein styrke for alle å kunne nynorsk.

### **MOTFØRESTILLINGAR SOM DE KAN MØTE PÅ**

#### • *Læremidla er ikkje gode nok*

Dei læremidla som finst på nynorsk i dag, er meir enn gode nok til å gje ei fullgod norskopplæring for vaksne innvandrarak. Det gjeld så vel tekstbøker, ordbøker, lydbøker og digitale læremiddel. Somme kommunar har jamvel undervist på nynorsk i godt over ti år. Eit oversyn over læremiddel på nynorsk ligg ved.

#### • *Det blir for dyrt*

Det andre argumentet handlar ofte om økonomi: At det er kostnadskrevjande å skifte til nynorsk. Ved å ta innføringa av nynorsk gradvis vert innkjøp av nye læremiddel gjort over fleire år. Opplæringssentra har eit årleg innkjøpsbudsjett til fornying av læremidla.

### **KAMPANJE I KOMMUNAR MED NYNORSKOPPLÆRING**

*Heider til dei kommunane med nynorskopplæring*

Mållaget vil gjerne gje ei positiv merksemd til dei kommunane som i dag underviser i nynorsk. Ei oversikt over desse kommunane finn de bak i heftet. Vi ynskjer at lokallaga i desse kommunane overrekkjer ei blomhelsing, og kvar kommune får eit takkebrev frå Noregs Mållag. Vi ynskjer at lokallaget får til eit besøk på opplæringscenteret og deler ut kampanjemateriell, og kanskje gjer stas på senteret med kake eller liknande.

Samstundes ynskjer me at lokallaget inviterer politisk leiing, rådmann, oppvekstsjef, lokalpressa og NRK til å vere med på hendinga.

### **KAMPANJE I KOMMUNAR UTAN NYNORSKOPPLÆRING**

#### • *Kva er stoda i din kommune?*

Me har laga ei oversikt over kva språk kommunane tilbyr opplæring i. Denne finn de bak i heftet. Det er likevel viktig at de får stadfesta kva som er praksis i dykkar kommune, og at de får svar på desse spørsmåla: Korleis er opplæringa organisert? Kven har avgjort opplæringspråket?

#### • *Ta ein prat med opplæringscenteret*

Det kan vere nyttig å snakke med dei som driv opplæringa for dei vaksne innvandrarak i din kommune. Kva tenkjer dei om språkopplæringa dei tilbyr?

#### • *Spør om dette er ei sak for din kommune*

Lokallaget kan senda brev til kommunen der ein tek opp spørsmålet om kommunen skal gå over til å gje nynorskundervisning. Bak i heftet finn de eit døme på brev til kommunen der lokallaget ber om nynorskopplæring. Det kan også vere nyttig å snakka med ulike politiske parti i kommunestyret eller formannskapet. Korleis er interessa for å ta opp saka politisk?

#### • *Gjer dette til ei sak i din kommune*

Om de får positiv tilbakemeldingar frå nokre politikarar, kan eit framlegg til politisk vedtak vere til hjelp. Det viktigaste med slike framlegg er at dei er kortfatta og tydelege. Det fyrste dømet, som er fremja i oppvekstutvalet på Stord, er den enklaste teksten, og han er kanskje den lettaste å bruke i andre kommunar:

A) "Stord kommune vil frå 2015 nytta nynorsk som opplæringsmål for nye elevar ved Stord Vaksenopplæring avdeling for framandspråklege (VO). Kostnadene med omlegginga vert å innarbeida i budsjettet for 2015."

*(Frå Stord kommune, Komité for oppvekst og utdanning - 29.04.2014. Vedteke med 6 mot 3 røyster.)*

#### B)

"1. Komité for oppvekst, kultur og idrett vedtar at Vaksenopplæringa i Kvinnherad skal nytta nynorsk i norskopplæringa for vaksne innvandrarak.  
2. Endringa i målforma vert iverksett frå 01.08.2013, og skuleåret 2012/13 vert nytta til å førebu overgangen."

*(Frå Kvinnherad kommune, Komité for oppvekst, kultur og idrett den 25.09.2012. Samrøystes vedteke.)*

#### • *Studietur*

Det kan også vere aktuelt for lærarane ved op-

plæringssenteret eller administrasjonen å reise på studietur til kommunar med nynorskopplæring. Gloppen opplæringssenter har mange års røynsle med å undervise i nynorsk, og dei tek gjerne imot vitjing på opplæringssenteret på Sandane i Sogn og Fjordane. Både lærarkrefter, skulebyråkratar og folkevalde kan ha nytte av ein slik studietur. Ta direkte kontakt med Anne Kristin Myklebust som er lærar der. [anne.kristin.myklebust@gloppen.kommune.no](mailto:anne.kristin.myklebust@gloppen.kommune.no)

• *Erfaring med nynorskundervisning*

For nokre opplæringssenter kan det vera til hjelp å få innsikt i korleis andre har løyst overgangen frå bokmål til nynorsk. Me har funne ulike fagfolk som kan noko om saka, og desse står lista opp i slutten av heftet. Dei kan gje gode råd undervegs.

• *Oppfølging og rapport undervegs*

Gje oss gjerne ei løypemelding om de er i gang med arbeidet, og eventuelt om de møter problem undervegs. Ta gjerne kontakt med oss om de ynskjer å drøfta kva de bør gjera, og eventuelt treng råd på veggen. Vi kan også setja dykk i kontakt med andre lokallag som gjer liknande arbeid.

## RESSURSAR OG INFORMASJON PÅ ULIKE NETTSIDER

### **[www.nynorsksenteret.no](http://www.nynorsksenteret.no)**

Oversyn over lærebøker, læremiddel og skjønnlitteratur på nynorsk for denne elevgruppa.  
<http://www.nynorsksenteret.no/nyn/ressursbase-for-skulen/minoritetspr%C3%A5klege>

### **[www.sprakradet.no](http://www.sprakradet.no)**

Reglar for norskopplæring for vaksne innvandrarar.  
<http://www.sprakradet.no/Spraklige-rettigheter/sprakopplaring/Norskopplaring/>

### **[www.vox.no](http://www.vox.no)**

Nasjonalt fagorgan på kompetansepolitikk (VOX) har ansvar for norskopplæringa for vaksne innvandrarar, skal skaffe nye læreverk på nynorsk og skal etterutdanna lærarar.

<http://www.vox.no/Norsk-og-samfunnskunnskap/og>

<http://www.vox.no/Norsk-og-samfunnskunnskap/nynorsk/>

### **[ressurssidene.pedit.no](http://ressurssidene.pedit.no)**

Norskopplæring på nynorsk. <http://ressurssidene.pedit.no/web/PageND.aspx?id=1>

### **[exin.udir.no](http://lexin.udir.no)**

Lexin-ordbøker på nettet.

<http://lexin.udir.no/>

## **FAGFOLK SOM KJENNER OPPLÆRINGA I KOMMUNANE**

Anne Kristin Myklebust, lærar hjå Gloppen opplæringssenter, medlem av læremiddelgruppa til VOX

[anne.kristin.myklebust@gloppen.kommune.no](mailto:anne.kristin.myklebust@gloppen.kommune.no)

Telefon: 57 00 92 46 Mobil: 97777091

Arnfinn Vigrestad, kontaktperson for dette saksfeltet i LNK – Landssamanslutninga for nynorsk-kommunar og medlem av læremiddelgruppa til VOX

E-post: [arnfinn.vigrestad@lyse.net](mailto:arnfinn.vigrestad@lyse.net)

Telefon: 971 86 791

Anne Marta V. Vadstein, rådgjevar ved Nynorsksenteret, held oversikt over nynorske læremiddel og anna arbeid knytt til nynorskopplæringa for vaksne

E-post: [anne.marta@nynorsksenteret.no](mailto:anne.marta@nynorsksenteret.no)

Telefon: 70075136 / 95881064

## DØME PÅ BREV TIL KOMMUNEN

Til xxxx kommune

### Om nynorskopplæring for voksne innvandrere

Folkeveksten i landet vårt kjem i dag av utlandsk innvandring. Innvandrere er viktige tilflyttere for heile Distrikts-Noreg, også for kommunen vår.

Det er viktig å sikre mangfald, god integrering og eit godt fellesskap i kommune-Noreg. Vi meiner at det er mykje godt integreringsarbeid i språkopplæringa som kommunane tilbyr. Det er difor viktig at dei som buset seg hjå oss, lærer det lokale språket som er nynorsk.

Ved å gje opplæring på bokmål undergrev kommunen sine egne språkvedtak. Den produserer bokmålsbrukarar inn i lokalsamfunnet der kommunen ynskjer at språket skal vere nynorsk.

Mange av dei nye innbyggjarane kjem med familie og ungar, og mange av dei kjem til å etablere seg og få familie. Lærer foreldre det same språket som borna på skulen, vert det lettare å hjelpe dei med leksene og å forstå skriv og meldingar frå skulen.

Nynorskopplæring i vaksenopplæringa kan også vere med å gjere det lettare å kome inn i det norske samfunnet og i bygda vår, fordi ein

lettare forstår det munnlege talemålet. Då vert det også lettare å forstå dialektar frå alle deler av landet. Kanskje kan det også vere med å skape tilhøyrse og å gjere sitt til at innvandrarane trivst og vert buande her i vår kommune.

Det mest brukte argumentet for å gje norskopplæring på bokmål er mangelen på læremiddel på nynorsk. Dei læremidla som finst på nynorsk i dag, er meir enn gode nok til å gje ei fullgod norskopplæring for voksne innvandrere. Det gjeld så vel tekstbøker, ordbøker, lydbøker og digitale læremiddel. Somme kommunar har jamvel undervist på nynorsk i godt over ti år. Ved å ta innføringa av nynorsk gradvis vert innkjøp av nye læremiddel gjort over fleire år. Vi legg ved materiell frå Noregs Mållag, som syner fram at det er mogleg å få til god nynorskundervisning for dei voksne innvandrarane i dag.

Vi ber om at kommunen byrjar å nytte nynorsk i språkopplæringa av voksne innvandrere. Det er både god språkpolitikk og god integreringspolitikk.

Beste helsing  
Leiar i XX Mållag

